

# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6

Oktober 1988

42. årg.



VÆRET ER DEN BYGSELAVGIFT VÅRHERRE KREVER AV OSS  
SOM BOR I DETTE VELSIGNEDE LANDET

Jostein Nyhamar

Han modnet sakte  
mot den store stillhet  
Alt ondt og mørkt i livet  
verket ut

All strid og splid  
ble skiftet ut  
med mildhet

Som jordens urter  
bærer sine frø  
og priser høstens Herre  
ved å dø

Slik bar han skammens merke  
på sin hud  
inntil han mistet alt  
og møtte  
Gud

Ingen helgen har betatt meg mer enn Frans av Assisi.

Han som fikk motta den store nåde å få Frelserens  
sårmerker på hender og føtter.

Hans legeme var sykt og skrøpelig. Han hadde gjort sitt  
livsverk. Hans ytre styrke var i ferd med å forsvinne.

Da trådte hans indre krefter frem. Hans underlige  
skjebnefellesskap med Frelseren ble synlig.

Korset fikk form på hans kropp.

Et vakrere vitnesbyrd finnes ikke.

Det sier meg dette:

At når all min ytre herlighet har gått til grunne, da skal  
den egentlige sannhet om mitt liv bli synlig.

Da skal det bli synlig om jeg levet i korset.  
Om Kristus hadde begynt å vinne skikkelse i meg.

Jeg vil be om det i dag.

Om nåde til å leve i korsets tegn og kraft.

Om et skjebnefellesskap med Jesus, gjennom godt og ondt.

Inntil jeg ser ham som han er.

Eyvind Skeie  
Frå Solens folk, Verbum 1983

## PÅ VITJING I YORK

I ei veke (30. sept. - 7. okt.)  
var me tre frå prestegjeldet vårt som  
hadde glede av å få vitja ein engelsk  
kyrkjelyd i York. Dette var ei for-  
nyingsveke arrangert av kyrkjelyden  
St. Michael-le-Belfrey i samarbeid  
med Oase-rørsla i Noreg. Me var rundt  
80 deltakarar frå ymse prestegjeld i  
Noreg. Dei tok hjarteleg imot oss  
og hyste oss inn i heimane til medlem-  
er av kyrkjelyden.

Det var ei spanande veke med svært  
mange nye opplevingar i kyrkjelyden og  
i gruppearbeid. Det som sit best att  
etterpå, er den opne og ærlege atmo-  
sfæren som gjennomsyra alt det dei  
hadde for seg, og det nære tilhøvet  
den enkelte hadde til vår Far i Him-  
melen. Ei ualminneleg høgtidsstund  
var det å få vera med på familieguds-  
tenesta der kyrkja var fylt opp med  
ca. 800 glade menneske frå kyrkjelyd-  
en i alle aldrar, som deltok aktivt  
med lovsong og tilbeding. Me fekk  
verkeleg kjenna oss som medlemar av  
Guds store familie. Guds kjærleik  
gjennom Jesus var så nær at den mest  
var til å ta og føla på!

Det var ein tur til inspirasjon og  
glede som gav meirsmak og ny kveik i  
kvardagen. Neste haust kan det henda  
at me får besøk attende, og det er  
noko som vert sett fram til med span-  
ing!

Helsing Asbjørn Ekse



ST. MICHAEL LE BELFREY - YORK

## ØNSKEDIKTET

Denne gongen vil eg gjerne dela  
med dykk eit dikt eg fann i ei avis  
for ei tid sidan.

Og eg vil igjen oppmoda alle dykk  
som les bladet, om å senda meg songar  
eller dikt som de tykkjer om. Slik  
kan vi dela gode opplevingar med  
kvarandre.

Tove Margrete

## Kirke- klær



Herre, vi ber for alle de gamle damene  
som kommer til kirken, mørkt kledde,  
dårlig til beins, mysende mot solskinnnet,  
de som har båret kirken frem i bønn.

Herre, vi ber for de helt unge som flokker  
seg til kirken, cordkledde kommer de til  
alteret, og vet at noe stort skal begynne,  
men ikke hvordan de skal fortsette.

Herre, vi ber for de usikre, middelaldrende,  
opptatte, festkledde, som ikke aner hvordan  
de skal oppføre seg i kirken, reiser seg,  
setter seg, reiser seg, setter seg, og vet  
ikke hvem du er.

Herre, vi ber for ungene som lager bråk i  
kirken, de som tramper rundt mellom benkene  
i søndagsklær, med noen som snur seg irriterte,  
og midt under prekenen må mor gå ut med dem.

Herre, i Ditt Rike er det vel bare dine klær  
som gjelder, klærne av tilgivelse og kjærlighet.

Oskar Stein Bjørlykke

## Vi noterer oss .....

### Nyttårsleir på Fagertun

30. desember - 1. januar vert det nyttårsleir på Fagertun. Leiren er open for alle frå 8.klasse og oppover.  
Pris: kr. 200,-  
Påmelding: innan 1. desember til Norges Samemisjon, tlf. 31 65 06 eller Odd Alvheim, tlf. 59 50 58

### Basar

Guteklubben i Eksingadalen har haustbasar til inntekt for Fagertun. Basaren vert halden på Fagertun 30. oktober.

### Ungdomssamlingar

Vel møtt til ungdomskveldar i Bedehuset på Vaksdal 29. oktober og 19. november!

### Nokon å snakka med

Prestane har teleplikt. Dersom du treng nokon å snakka med, står vi til disposisjon. Vi veit at mange går og slit med vanskelege ting. Ta kontakt dersom du trur at vi kan hjelpa deg!

Prestane i Vaksdal

### AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskeleg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77



SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer.  
Frist for innlevering av stoff til julenummeret er 12. november.

Tove Margrete

### KIRKENS SOS



Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med?  
Ring 23 30 80. Apent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00



### Kyrkjedagane '89 - ein stoppestad på ferieturen

- Førrebu turen til Bodø i god tid. Nytt høvet til å oppleve den nordlege landsdelen. Lat Kyrkjedagane '89 bli ein stoppestad på familiens store Nord-Norge-tur.

Oppmodinga til folk sørpå kjem ikkje frå turistsjefen i Bodø, men frå formannen i styringsgruppa for Kyrkjedagane '89, Bjørn Hareide. Han er eigentleg Oslo-gut, med har for lengst slått rot i nord, dei seinere åra som statsadvokat i Bodø.

- Enkelte "søringar" hevdar at Bodø ligg for langt utanfor allfarveg. Difor vil eg peike på at Bodø ligg midt i løypa viss ein berre legg kursen nordover. Alle som drøymmer om rorbu-ferie i Lofoten, ein lang-tur med Hurtigruta, vandring på Svartisen, fiske i Saltstraumen, vitjing på Værøy og Røst, - har gode sjansar dersom dei berre kjem seg til Bodø. Eg rår óg til at ein ikkje snur i Nordland, men held fram vidare nordover. Frå Bodø til Nordkapp står natur-opplevingane i kø, seier Hareide oppglødd. Han reklamerar for Nord-Norge-ferie og for Kyrkjedagane i same andedrag.

- For mange sørpå vil det vere naturleg å koble turen til Kyrkjedagane sammen med ein større ferie-tur. Det er ikkje berre naturleg, det er særst bra. Eg unner alle søringar ein sommar her nord. Når dei i tillegg får oppleve Kyrkjedagane i Bodø, skulle alt tale for ein Bodø-tur, meiner Hareide.

- Kva for tilbod blir det under Kyrkjedagane?

- Programmet på Kyrkjedagane kjem til å bli spanande og så samansett at alle vil finne noko dei har interesse av. Det blir song, musikk, konsertar, seminarar, foredrag, utstillinger, utflukter og gudstenester. Eg vonar den opne og vidfemnande profilen på programmet fører til at det vert knytta nye kontaktar under Kyrkjedagane.

Kyrkjedagane skal være ein møtestad. Ein stad der du kan treffe menneske frå miljø du elles berre høyrer om,- og ein stad der du får møte Gud på nye måtar, seier Bjørn Hareide.

## Må velge mellom barnet eller videre forhold Press fra barnefar til å ta abort

Over halvparten av kvinnene som oppsøker et AAN-kontor opplever press fra barnefaren til å ta abort. Mange får klar beskjed om å velge enten barn eller et videre forhold til barnefaren.

I dag velger tre av fire kvinner som oppsøker AAN likevel å gjennomføre svangerskapet. De fleste er rundt 20 år gamle og ser noe videre forhold til barnefaren som usikkert eller uaktuelt.

Av Ann Magrit Austenå

Mange norske gutter svikter sine gravide kjærester. De mener de har gjort sitt ved å be jenta ta abort, og mange klarer ikke å forholde seg til sterke jenter som likevel velger å beholde barnet. Det må bli dem eller ungen. Noen forander mening når barnet først er født. Andre er svært lite blide for å bli «dratt til kassa» hver måned de neste 18 årene.

I følge erfaringene fra AAN-medarbeidere kan norske tenåringer alt det tekniske om prevensjonsmidler, men bruker dem svært sjelden. Jentene tør ikke selv gå med prevensjonsmidler på seg, av frykt for hvilket inntrykk det måtte gi familie, venner og potensielle kjærester. Gutta har oftere skaffet seg kondomer, men bruker dem lite. Ingen av partene tør å begynne å snakke om sex og prevensjon.

### Jubileum

Alternativ til abort, eller AAN-kontorene i Norge markerer i år sitt 10 års jubileum med en bok om bevegelsens arbeid og resultater fra en undersøkelse blant AAN-klientene. Boken, som kommer ut på Ansgar

Frå Vårt Land 30.04.88



Tre av fire gravide som oppsøker AAN velger å bære fram barnet.

Arkivfoto: Marianne Lysrup

forlag, har de gitt navn etter den setningen medarbeiderne hører mest: «Det var ikke planlagt».

I fjor oppsøkte 1408 nye klienter de syv AAN-kontorene. Tallet tilsvarer omtrent 10 prosent av aborttallet i Norge. 80 prosent av kvinnene kommer i løpet av de 12 første svangerskapsukene.

Over halvparten av kvinnene er enslige, skilt eller separert. Gifte og samboende kvinner utgjør rundt 40 prosent av AAN-klientene. 27 prosent av kvinnene - både helt unge og mer voksne opplever press fra foreldre og andre i nær familie til å ta abort.

### Vanlig situasjon

«Kari», er Oslo-jente som oppsøkte AAN-kontoret da hun ble gravid, var til stede under presentasjonen av boken og resultatene fra undersøkelsen. Hennes situasjon er i følge Bente Hansen, daglig

leder ved AAN-kontoret i Oslo, temmelig typisk. Samboeren kastet henne ut, da hun ikke umiddelbart ville ta abort. Midt oppi det hele strøk hun til svenneprøven og fremtiden så mørk ut. Helt tilfeldig så hun AAN-annonsen. «Gravid? Fortvilet? Ring...» i en løssalgsavis.

Hun ringte og angrer i dag ikke på det. På AAN-kontoret fikk hun vite hvilke muligheter og hvilke rettigheter hun hadde.

— Plutselig falt bitene på plass. Jeg hadde alltid vært mot abort. Og dette var mitt ansvar. Ingen andre kunne gi meg ordre om å fjerne barnet.

Hun opplevde aldri noe press fra AAN-kontoret, bare hjelp til å bestemme selv. I tillegg fikk hun praktisk hjelp - et nytt sted å bo, felleskap med andre i samme situasjon og plass på mødre hjem etter at gutten hennes ble født. I dag er han 16 måneder og går i barnehage mens Kari er på jobb.

## Telefonstorm etter radio-intervju

**(VL):** Daglig leder ved AAN-kontoret i Oslo, Bente Hansen, opplevde en ren telefonstorm til kontoret etter at hun i et radio-intervju hadde sagt at AAN også tilbyr samtale tid til kvinner som hadde problemer etter en provosert abort.

— Frem til da var dette ikke noe organisert tilbud, men en mer eller mindre tilfeldig oppfølging av en del AAN-klienter som hadde valgt å ta abort. AANs hovedoppgave er å hjelpe gravide i en vanskelig valg situasjon og å gi praktisk støtte til dem som

velger å bære frem barnet. I tillegg har vi nå et mer organisert samtale-tilbud til kvinner som har tatt abort. Det er kanskje den vanskeligste delen av jobben, sier Bente Hansen.

### Reaksjoner

I følge amerikanske undersøkelser opplever halvparten av kvinnene som tar abort sterke følelsesmessige reaksjoner etterpå. Mange går gjennom en form for eksistensiell krise, hvor de klandrer seg selv for det barnet de har mistet.

— Her i Norge finnes det forsvinnende lite materiale om dette post-abort-syndromet.

## Orientering om kyrkja si familierådgjeving

Det finst to kyrkjelege familierådgjevingskontor i Hordaland, Kirkens Familierådgiving - Biskopshavn, og Bjørgvin Bispedømmeråds Familierådgivingskontor, begge i Bergen. Kirkens Familierådgiving er ein del av kyrkja sitt diakoniarbeid.

I kontora sine retningslinjer heiter det m.a.; "Virksomheten bygger på kristne verdinormer med respekt for individet og dets integritet og tar sikte på å hjelpe klientene ut fra deres egne forutsetninger - uansett sosial status, livsførsel, religiøs tro eller politisk oppfatning."

Ektepar, heile familiar, separerte og fråskilde, eller andre som er i ein vanskeleg livssituasjon, kan søkja kontøra for opplysning, rettleiing og meir omfattande hjelp. Ingen problem er for små dersom dei kjennest vanskelege. Det kam dreia seg om usemje og konflikter mellom ektefellene eller i familien. T.d. seksuelle problem, uro i samband med svangerskap, ulike fylgjer av sjukdom, misbruk av alkohol eller narkotika, eller generelle problem som mangel på kontakt, stadig usemje og krangel, vanskar med å snakka saman, eller andre ting som gjer at ein kjenner trong for hjelp.

### Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:  
Inge Christian Meidell  
tlf. 59 61 20

Res. kap.:  
Kjell Arne Norum  
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!

Det blir kvart år registrert ei auke i antal personar som søker hjelp ved familierådgjevingskontora. For dei fleste av oss er det ei overvinning å søkja hjelp på denne måten. Ikkje desto mindre vil det som regel vera større sjanse for å gjera noko med situasjonen dersom den ikkje har utvikla seg for langt.

Kontora har tilknyttta gynekolog, lækjar, psykiater, psykolog, sosionom, prest og jurist som arbeider i team.

Dei som arbeider ved kontoret, har teieplikt. All hjelp er gratis.

Venleg helsing

KIRKENS FAMILIERÅDGIVING -  
BISKOPSHAVN  
Biskopshavn kirke  
tlf. 25 53 30

BJØRGVIN BISPEDØMMERÅDS  
FAMILIERÅDGIVINGSKONTOR  
Øvregaten 25, 3.etasje  
tlf. 31 05 42



Det skjedde i en 1. klasse i Bergen. Lærarinna hadde fortalt om syndfloden, og ho streka sterkt under at det regna utan stans i 40 dagar og 40 netter! "Va' det nåkke?" var det ein gut som bemerkta.



## BARNESIDE



Ein gong gjekk Jesus langsmed Galilea-sjøen. Der var Peter og Andreas, Jakob og Johannes. Dei var fiskarar. Jesus sa noko til dei: "Fylg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar." Jesus ønskte at dei skulle vera saman med han. Og så kunne dei fortelja til andre om Jesus. Slik kunne folket få høyra om Jesus og tru på han. Det var dette Jesus meinte då han sa at han skulle gjera dei til menneskefiskarar. Jesus ønskjer at barn og vaksne i heile verda skal få høyra om han og tru på han.

HEI!

I dag kan du finna fram fargane dine.

Denne gongen er det to teikningar som du kan fargeleggja.

Dei som har lyst å vera med i trekning av ein premie, kan senda teikningane til meg. innan 12. nov. (skriv alder).

Reidun Skurtveit,  
5270 VAKSDAL





## Ensliges Landsforbund

• Postadresse:  
• Postboks 6676 Rodeløkka  
• 0502 Oslo 5

• Kontor:  
• Dynekilgt. 15, Oslo 5  
• Telefon: 22 41 61 - 22 45 13

Hvem kan høre hjemme der?

Jo, det er personer - unge og eldre - som hører til enslig sivilstand: Ugifte, skilte, enker og enkemenn.

Av enslige i landet er ca. 500.000 aleneboende. Begrepet enslig må ikke forveksles med ensom, som sier noe om følelseslivet, og ensomme kan vi føle oss noen hver - av og til.

Det heter jo: "Det er ikke godt for mennesket å være alene. Jeg vil gi ham en medhjelper som er hans like" (1. Mosebok). Mennesket trenger medhjelperen. Det meningsfylte liv blir dermed for oss alle medhjelpertjenesten.

Ensliges Landsforbund som i sine vedtekter har nedfelt at arbeidet skal bygge på det kristne kulturgrunnlag, skal fungere som hjelper og støtte for han/henne som står alene i livet. I formålsparagrafen heter det:

- aktivt å arbeide for ensliges sosiale og økonomiske interesser og rettigheter
- fremme enkeltmenneskets verd
- skape et miljø for kontakt og fellesskap
- stimulere til samfunnsgagnlig innsats

På samfunnsplan arbeider Ensliges Landsforbund på ulike felter for at den som står alene i livet, ikke skal bli oversett og glemt. Det gjelder ikke minst innsats på boligfronten. og dessuten økonomi, reisetilbud m.m.

Når det gjelder kirken, hadde organisasjonen i sin tid en rekke henvendelser til Liturgikommisjonen. Det førte til at vi i kirkebønnen har fått med: "Vær en støtte for dem som står alene", og 21. søndag etter pinse: "Lær oss alle, enten vi lever i enslig

stand eller i ekteskap, å tjene deg i troskap."

Organisasjonen driver en omfattende virksomhet for å inkludere den enkelte i fellesskapet. Tilbudene er allsidige, slik at den som oppsøker oss, skal kunne velge etter interesse, og føle seg hjemme.

Det overordnede aspekt er å fremme enkeltmenneskets verd, og våre arrangementer skal ha hjertevarme som kjenne-merke.

Organisasjonen har 14 lokalavdelinger: Arendal, Bergen, Haugesund, Larvik, Lillehammer, Lillesand, Molde, Oslo, Stavanger, Tromsø, Trondheim, Tønsberg, Ålesund.

Ensliges Landsforbund er også en rådgivende instans.

Mer informasjon kan du få ved å henvende deg til

Ensliged Landsforbund  
Postboks 6676 Rodeløkka  
0502 Oslo 5

eller

Dynekilgaten 15,  
0569 Oslo 5  
tlf. 02 - 22 41 61

*Agnes Husby*  
Agnes Husby  
gen.sekr.

*Alfhild Brevig*  
Alfhild Brevig  
cand.theol.

## SLEKTERS GANG

### Døpte




#### DALE

21.08 Christine Seim  
21.08 Maria Alvheim  
21.08 Ruben Johansen  
21.08 Roy Steinsland  
04.09 Christoffer Mo Vatle  
18.09 Lene Mari Breidvik

#### VAKSDAL

28.08 Jan Tore Sjøbø Hesjedal  
25.09 Eirik Dalheim




### Vigde



#### STAMNES

10.09 Dag Kydland og  
Randi Straume



### Avlidne



#### DALE

26.08 Olav Sigfred Andersen f.1914  
16.09. Leif Rørbakken f.1917

#### STAMNES

25.08 Johannes Trohjell f.1893

#### EIDSLAND

30.09 Harald Møster f.1919

#### VAKSDAL

08.09 Gerd Ellinor Frotveit, f.1923  
18.09 Gjertina Bernes, f.1903  
01.10 John Knutsen, f.1908  
02.10 Sverre Johan Nilsen, f.1902



50-ÅRSKONFIRMANTANE I VAKSDAL

# VELKOMEN TIL KYRKJE



30.oktober - Bots-og Bededag

DALE kl.10.30 Skriftemål  
kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.

EIDSLAND kl.11.00 v/Norum.Nattverd.  
Offer til Blå Kors.

6.November - Helgemessesundag

STAMNES kl.11.00 v/Norum.Nattverd.  
Offer til Nordhordland Indremisjon.

BERGSDALEN kl.11.00 v/Meidell.Nattv.

VAKSDAL kl.18.00 v/Norum.Nattverd.  
Offer til Bjørgvin bispedømmeråd  
og Bjørgvin Stiftssenter.

13.november - 25.sundag etter pinse

STANGHELLE kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

NESHEIM kl.11.00 v/Meidell og Odd  
Sverre Hove.Nattverd.Offer til  
Hordalandsaksjonen.

20.november - 26.sundag etter pinse

DALE kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

VAKSDAL kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.  
Offer til Døves Menighet.

EIDSLAND kl.17.00 v/Meidell.Nattverd.  
Offer til Den Norske Santalmisjon.

27.november - 1.sundag i advent

STAMNES kl.11.00 Fam.gudst.v/Norum.  
Barnas Kyrkjebok til 4 åringar.  
Offer til Stamnes Ving.

EKSINGEDALEN kl.11.00 Fam.gudst.  
v/Meidell.Barnas Kyrkjebok til  
4 åringar.Offer til Kirkens Nødhjelp.

DALE kl.19.00 Lysmesse v/Meidell.

4.desember - 2.sundag i advent

VAKSDAL kl.19.00 Lysmesse v/Norum.

Laurdag 10.desember

BERGSDALEN kl.16.00 Lysmesse.Meidell.

18.desember - 4.sundag i advent

EIDSLAND kl.11.00 Fam.gudst.Meidell.  
Barnas Kyrkjebok til 4 åringar.

NESHEIM Kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

DALE kl.18.00 Julekonsert.Norum.

VAKSDAL kl.20.00 Julekonsert.Meidell.

11.desember - 3.sundag i advent

DALE kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.

Laurdag 17.desember

STAMNES kl.17.00 Lysmesse v/Norum.

## KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: kr. 50,-

Postgiro 5 72 34 73

Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete

Nordmark, Bøge,

5270 Vaksdal

tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen,

Bøge, 5270 Vaksdal

tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese

tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese